

# Rundt Vågen i Bud

## Historiske vandringar i stadnamn i Buaværet

av Helge Sandøy

Stadnamna kan me bruke når me vil sjå tilbake i lokalhistoria vår. Gjennom desse namna, som lever og blir brukt i vår eiga tid, kan me få fortida nærare innpå oss. I somme tilfelle er stadnamna dei eldste historiske minnesmerka våre. Det skal me prøve å vise i denne artikkelen.

Stadnamna som er drøfta nedafor, står samla i ei liste heilt til slutt, og der er dialektuttalen føydd til.


### 1. Dei tre vågane

Me skal avgrense vandringa til området kring det me i dag reknar som hamna. Somme tider kallar ein heile hamna for *Vågen*, før blei au namnet *Buavågen* noko brukt. Det gamle Buaværet ligg her kring Vågen, avgrensa av nokre haugar. Sørrom<sup>1</sup> to av desse avgrensande haugane, *Lundhaugen* og *Gjølshaugen*, ligg det området me kallar *Innom haugen* eller *Innom haugan*. Eit slikt upresist namn samansett med preposisjon fortel nok om kvar folk har orientert seg ifrå,

altså kvar sentrum og kanskje eldste busetnaden låg, nemleg i *Været* utom (= nordom). Namnet Innom haugen er spesielt på den måten at det må skrivast i to ord, for det er eigentleg ein preposisjon + eit substantiv, og somme lurar vel på om det er eit skikkeleg stadnamn. Men det er opplagt at det fungerer som stadnamn. Særpreget er berre at det ikkje har noko ledd som merkjer ut kva haug(ar) det er tale om, slik som når ein snakkar om f.eks. Tungehaugen. Men det trongst ikkje her for det var så innarbeidd og dermed sjølvsgt. Etternamnet Inderhaug er eigentleg ei litt famlande dansk normering av stadnamnet *Innom haugen*. (I manntalet frå 1701 er det skrive *indefor Haugen*, jf. *Romdahllens Fougderis Mandtal 1701*.)<sup>2</sup> Denne typen stadnamn av preposisjon + substantiv er ikkje så vanleg, men i Bud har me eitt til: *Utom landet*, på hi sida av været, ut mot Hustadvika.

Vågen – eller hamnebassenget i Bud – er eigentleg tre vågar: *Strandavågen*, *Bergevågen* (mest kalla berre *Vågen*) og *Brenslevågen*. Frå arkeologisk hald (jf. Narmo 1994) er det blitt argumentert for at eldste busetnaden låg inst i Brenslevågen og nær den eldste kyrkja. Her er det kanskje tenkt mest på tida før det blei eit vær med fast busetnad. Det verkar ikkje urimeleg, for Brenslevågen var beste naturlege hamna før *Molja* (moloen) kom. Opp i denne vågen stod ikkje vêret like mykje på som i dei hine vågane. Det tenkjer ein ikkje så lett på i dag når heile hamnebassenget er verna av moloen.

Det som heiter strandprofilen, er blitt sterkt forandra i Vågen dei siste 150 åra. Det starta med vegen som blei bygd med bru over Vågaelva, og seinare er meir og meir blitt oppfylt inst i vågane. Den opphavlege profilen går fram av den heiltrekte linja på kart 1, det skraverte området viser moloen og utfyllingane fram til i dag. Vegen frå midt på 1800-talet er vist med stipla linjer.



Kart 1. Opphavelog og ny strandlinje.

## 2. Alderen på Buaværet

Buaværet er ikkje “gammelt som alle haugar”; det er ei nokså ung bygd når me tenkjer på fast busetnad. Derimot har nok været i uminnelege tider vore ein opphaldsstad for bønder frå fjordane som reiste utover for å drive sesongfiske. Dei bygde seg fiskebuer her, og difor fekk været namnet Bud. (Ordet *bu* skulle i samsvar med rettskrivinga bokstaverast *bud* fram til 1917; stadnamnet har fått halde på *d*-en etter rettskrivingsendringa det året.) Det namnet er nok gammalt; at det er i ubestemt form (dvs. *Bud* og ikkje *Buda*) støttar den synsmåten.<sup>3</sup>

Årsaka til at den faste busetnaden er ung, er at fisket ikkje gav godt nok levegrunnlag før nokså seint i historia. Det var ikkje før det

blei utvikla ein stor fiskeeksport, at det var muleg å livnære seg fullt ut på fiske. I seinmellomalderen utvikla hansaen så stor handel med utlandet at heilsårsfiskarar kunne få avsetnad på produksjonen sin. Difor er særleg 1400-talet stordomstida for kystnæringa langs heile kysten vår. Då flyttar folk ut mot havet og buset seg der. Kring 1520 budde kanskje 128 menneske i Buaværet (jf. Sandøy 1974 s. 13). I Bud varte stordomstida utover 1500-talet, men så begynte det å svinge mykje opp og ned alt etter fiske og salspris. Det kom tidbolkar med stor fattigdom i Buaværet. I 1632 søkte folket der om å få betale skatt som husmenn fordi dei sat "paa de bare havskjær, tilmed ingen anden næring at have end hvad de med en liden fiskekrog kan fortjene". Dei fekk innvilga søknaden. (Helland 1911 s. 868.)

At Buaværet er nokså ungt, får støtte i stadnamna. På land er det relativt få namn som absolutt *må* vere svært gamle. På sjøen kan det sjå ut til å vere fleire, slike som er knytt til eldgamle ord i språket vårt, som f.eks. *Fretta, Sveinan, Salen, Bardan, Medffjordklakken, Råsa, Staupet* osv. På land er mange av namna enten oppkallingsnamn eller dei fortel om nyare næringsveggar. Oppkallinga ser me berre med å ramse opp ein del bruksnamn i Bud: *Torhaugen, Ivergarden, Kristengarden, Mansonigarden, Persengjerdet* og *Mortengjerdet*. Slike namn er typiske for dei siste 400-500 åra, f.eks. for 1600- og 1700-talet.

Viss me ønskjer å finne ut kvar dei *første* faste busettarane slo seg ned, bør me sjå etter enkle namn som fortel om naturforholda, og som ikkje er oppkallingar etter personar. Me finn då: *Stranda, Berget* og *Vågen* (og utafor området vårt: *Vika*). Det er vanleg at slike namn er brukt på dei første bruka i området. Viss me tenkjer oss at det var ein fordel å ha ein jordfleck attåt fisket, verkar det ikkje usannsynleg at i alle fall *Stranda* og *Vågen* var dei første bruka der folk budde året rundt.

Men desse gardsbruka treng ikkje vere eldre enn frå 1400-talet. Me ser her f.eks. at dei står i bestemt form. Hadde namna lydd *Strande, Våge, Berge* (og *Vik*), kunne me ha lagt minst 500 år på alderen. Så gamle er gardane med slike namn lenger inne i Romsdal. Og hadde namna vore laga på gamle og utdauda ord og vore

vanskelege å forstå utan vidare, kunne me kanskje lagt på 1000 år. Det kan me gjere med f.eks. *Gule* (jf. Sandøy 1990 s. 14). Men det er ikkje nødvendig å forklare kva dei tre namna *Stranda, Vågen, Berget* betyr, for dei svarar til vanlege ord i moderne norsk.

Denne språklege tankegangen må kontrollerast mot historisk kjeldemateriale. Då oppdagar me at *Berget* ikkje er nemnt før i manntalet i 1801. Det kan sjølvsagt vere noko tilfeldig kva som er komme med i historisk kjeldemateriale, men så mykje finst likevel frå Bud at det ville vere underleg om *Berget* var noko bruk eller busetnadsområde dei par første hundreåra i værhistoria utan å vere nemnt i skriftlege kjelder. Difor vil eg oversjå *Berget* for den første tida.

### 3. To huskrullar

Me tenkjer oss då altså været med to huskrullar rundt *Vågen*: på *Stranda* og i *Vågen*. (I tillegg fanst *Vika* og truleg Innom haugen nokså tidleg, men dei to held eg utafor denne vandringa.) Til kvar huskrull låg det litt jord til å ha dyr på. Flest budde det nok i *Vågen*, i det me kallar *sjølve været*. Der kunne dei au gøyme båtane best unna når vëret stod på, særleg i Brenslevågen. Garden *Vågen* låg lagleg til nettopp mellom Brenslevågen og Bergevågen.

Me veit frå 1800-talet at våningshusa og fjøsen i *Vågen* låg på kvar si side av stien ned på *Tunga*. Då Anton *Vågen* bygde nytt hus lenger nordaust først på dette hundretalet, blei det heitande *oppi Vågen*, i motsetning til *nedi Vågen*, som var og er sentrumet i *Været*.

Det kunne vere muleg å spekulere vidare med å seie at *Vågen* truleg er eldste bruket og hadde første huskrullen med fast busetnad, ettersom *Vågen* er mest identisk med det me kallar *Været*, og ettersom dette namnet somme tider er brukt om heile hamne-bassenget. Men me veit ingenting sikkert om det. *Vågen* er første gongen nemnt i 1618; då finn me ein "Anders i *Vågen*" (jf. Magerøy 1955 s. 50).

I manntalet frå 1701 møter me ein "Peder Olsen på *Stranden*". I jordboka frå 1661 er "Gjølshaug Fiskesæte" oppført (jf. *Rumsdahls Jordebogh*), men eg trur me kan rekne dette for det same som


Stranda, som ligg ved Gjølshaugen. Jorda har kanskje vore skifta slik mellom dei to bruka at Stranda hadde jorda sørom Vågaelva, Vågen hadde nordom (i den grad jorda var dyrka opp så langt innover frå strandlinja).

Bergevågen (eller berre Vågen) er den djupaste vågen i hamnebassenget. Her rann også *Vågaelva* ut. Sjølv om det ikkje var snakk om nokor stor elv, så var ho den største i Været, for ho samla vatn heilt frå Gulberget, dvs. frå nedslagsfeltet for *Midtikummen*. Før ein fekk organisert vassverk, gjekk det meir vatn i elva, og folk kom gjerne opp i denne elva med børtre og vassbytter for å hente vatn.

Det er ikkje underleg om det ikkje har vore meir enn dei to huskrullane den første tida, for folketalet var lågt. For 1520 er det berekna til 128, og for 1661 til 148 (jf. Sandøy 1974 s. 13 og s. 22). Frå 1701 finst eit manntal (*Romsdahlens Fougderis Mandtal 1701*) som nemner 126 personar, medrekna menn, kvinner og born. Det kan sjølvstundt vere nokre som har falle utafør, men likevel er dette det første nokolunde pålitelege talet me har, og det viser at berekningane for 1520 og 1661 ikkje er heilt ville. Dersom me uttrykkjer oss forsiktig, kan me såleis seie at folketalet i Bud (medrekna Vika og Innom haugen) på 1500- og 1600-talet låg mellom 100 og 150. Det var eit nokså høgt tal i forhold til folketalet i heile Norge på den tida (knappt 200.000 i 1500 og ca. 440.000 i 1665, jf. Nagel 1980 s. 217).

Så tett som folk budde i stuene før i tida, skulle det ikkje mange husa til for å rømme denne lisle befolkninga, kanskje 10-15 hus. Og dei skulle så delast på fire husklynger (Stranda, Vågen, Vika og Innom haugen). Dei to huskrullane kring den noverande hamna låg kanskje som på kart 2. I tillegg kjem så sjøbuene, som truleg hyste mange av dei som kom for å drive sesongfiske, dvs. helst torskefisket i tida februar-mai. Dei kunne vere mange. I 1664 rodde 60 leigeakarar berre frå Grytten på båtar frå Bud prestegjeld (Rødal 1996 s. 160), og frå siste hundreårsskiftet er det opplyst at 150 fremmende oppheldt seg i Bud under fisket (Helland 1911 s. 862).

Frå nyare tid (kanskje 1700-talet, då ein begynte å byggje loft (eller lem) i dei gamle røykstovene) er det kjent at folk i Bud kunne ha ekstrainttektar av å la dei tilreisande ligge på loftet.



Kart 2: Buaværet ca 1600.

#### 4. "Nybyggjarfelt"

I siste delen av 1600-talet begynner busetnadseksponasjonen kring hamna. Første nye bruket med eige namn, er *Ivergarden*, som stod ferdig i 1661. Det er garden som presten Iver Helt (1644-1669) fekk bygd på 1650-talet. Han er velkjent, mest for at han fekk stoppa svenskane i Herskaret i 1658 då dei kom utover Romsdalshalvøya for å legge fogderiet under seg. Svenskeheren kom seg ikkje til Bud (jf. Magerøy 1955 s. 55), men likevel var me underlagt Sverige i åra 1658-1660.

Då Bud kyrkjesokn fekk eigen kapellan i 1542, fekk han bustad på Bergset, av di Buakyrkja kanskje stod på jord under matrikkel-

garden Bergset. I 1639 gjekk det ut oppmoding til sokneborna om å byggje “residens” for presten (jf. Øverås 1933 s. 24). Det blei det ikkje noko av, og då Iver Helt kom i 1644, blei det avtalt at han skulle byggje seg hus sjølv. Men han au budde først på Bergset til han kunne flytte inn i eigne hus i Ivergarden i 1661. (Jf. Magerøy 1955 s. 52 og 55.)

Ivergarden er området ved bryggjene utom Brenslevågen. Våningshuset i Ivergarden stod frampå den haugen som blei utskoten då ein retta ut vegen der på 1950-talet.

*Kristengarden* ligg utafor Ivergarden og blei bygd noko før 1700. Mads Hukkelberg hevdar det var Kristen Povelsen Morsing som bygde hus her. Han var ein handelsmann som kom frå Trondheim og slo seg ned i Bud kring 1680. Denne mannen har au gitt opphav til *Morsingbua*, ei bryggje som stod nedom Ivergarden, nesten oppmed Brenslevågen. (Jf. Hukkelberg 1929-30 s. 48.) Bua stod fram mot siste verdskrigen.

*Mansonigarden* ligg utafor Kristengarden. Plassen har fått namnet etter tollbetjent Mansoni, som budde her på 1770-talet (Hukkelberg 1929-30 s. 51, Øverås 1933 s. 25).

*Torhaugen* må ha komme til kring 1700, og han er truleg første bruket som blei skilt ut frå Stranda. Tidleg på 1700-talet er det nemnt ein Peder Torhaug, noko som kan få ein til å tru at den Tor-en som har gitt bruket namn, må ha levd i alle fall før 1700 (jf. Magerøy 1955 s. 65.)

I futerekneskapen frå 1773 finn me to nye bruksnamn på Stranda: *Kipersundet* og *Futberget*. Futberget, eit namn som ikkje er i bruk lenger, låg ytst på sørsida av Strandavågen (opplyst av Jakob Helseth).

*Berge-garden* må au ha komme til i siste halvdel av 1700-talet. Me kjenner til at lensmann Sæmund Hansen Berget (1755-1825) budde der, og bruket blei lenge kalla *Lensmannsberget*. (jf Øverås 1933 s. 25 og Magerøy 1955 s. 62). Låna (dvs. eit langt hus) på Bergegarden stod nede på Berget tvers over vegen som no går der. Nedste enden av berget mot sjøen nedom Bergegarden heiter *Bergesnagen*.


I Vågen er *Tunga* nemnt i 1763 (jf. Magerøy 1955 s. 63). Ti år seinare (i futerekneskapen) finn me i dette området au desse namna: *Tungehaugen*, *Svennshammaren/Hammaren* og *Fjøra*.

Og endeleg møter me *Brenslen* som nytt namn i manntalet frå 1801. Busetnaden i Fjøra hang truleg saman med ei husklyngje på Brenslen utover mot Ivergarden. På den måten blei det ein lang huskrull på nordvestsida av Brenslevågen, jf. kart 3.

Dermed er dei fleste busetnadsnamna kring Vågen komme med, og me ser at det har vore ei svært stor utviding i busetnaden på dei 140 åra frå Ivergarden stod ferdig til manntalet i 1801. Dette året er det 280 personar som bur i Bud. (1801-manntalet er rekna for å vere svært påliteleg.) Det vil seie at folketalet blei fordobla gjennom 1700-talet. Denne veksten kan me sjå i samanheng med at Norge i siste halvdel av 1700-talet kom med i den sterke økonomiske framgangen i Europa. På kysten blei f.eks. kleppfisken eit nytt og viktig salsprodukt, dessutan blei silda ei viktig eksportvare frå 1730-talet (jf. Rødal 1996 s. 160 og 164).

Kart 3 er eit forsøk på å teikne inn busetnaden i 1801. Me veit ikkje sikkert kor mange hus det fanst, og heller ikkje kvar dei stod. Ringane eg har teikna inn, kan kanskje svare til hus (ved at eg har rekna ugifte tenarar og innerstar<sup>4</sup> med ev. familie inn i dei “sjølvstendige” husstandane). Talet inne i ringane fortel om personar i ‘husstanden’.

Me ser at Brenslen er oppført med svært mange husstandar. Under dette namnet må manntalsføraren ha ført opp alt frå Ivergarden og inn i Fjøra. I dette nye “bustadfeltet” frå 1700-talet budde heile 50 personar i 1801.



Kart 3: Buaværet i 1801

Av dei 280 personane i Bud i 1801 budde 155 kring hamna. Frå Vika til Kleppen budde 57, Innom haugen og i Prestgarden budde 68 (medrekna nokre ikkje-plasserte). Etter den nemnte måten å rekne husstandar på, var det i alt 65 husstandar – dvs. bebudde hus – i Bud, og gjennomsnittshusstanden blei på 4,31 personar. Det kan nok ha vore færre hus enn 65 ved at det budde fleire husstandar i eitt og same huset – dersom det f.eks. var oppdelt.

I 1825 var folketalet gått noko ned, nemleg til 233 personar; dei budde i 52 hus, dvs. at det var 4,48 personar i gjennomsnitt pr. hus. Denne gongen er det opplyst om talet på hus, slik at dette er eit sikkert tal.

No begynner den retteleg store folkeauken. I 1900 hadde innbyggjartalet stige sterkt, for no var det 548 personar her, og dei budde i 108 hus, dvs. at gjennomsnittet var 5,08 pr. hus. I 1911 var folketalet komme opp i 700, og i 1980 813. (Jf. Helland 1911 s. 862-868.)

### 5. Næringsveggar i stadnamna

Me skal no følgje dei namna som fortel om næringsvegane i Buaværet. Då startar me i sør på *Kipersundet*. Her ser me med ein gong eit namn som fortel om aktivitetane i oppkomlingstida i Bud. Ein *kiper* er det same som ein bøkkar, dvs. at det er ein som lagar tynner, for på lågtysk betyr *kupe* ei tynne, og han som laga tynna, var ein *küper*. *Kipersundet* har då på ein eller annan måte vore knytt til ein slik handverkar; enten har han budd der eller arbeidd der. Slike handverkarar fekk ein særleg bruk for då silda blei ei viktig salsvare. Dette handverket fortel altså om ein ringverknad av fiskerinæringa. Sjølv handverkarnamnet *kiper* kom med dei tyske hanseatane, dei som kom til Bergen for å kjøpe opp fisken. I folkeskatten for Molde ladestad i 1681 er ein Knud Kippers i Bud nemnt (*Folkeskatten 1681* s. 6). (*Kipersundet* om området på fastlandet blir til dagleg mest kalla berre *Sundet*. Sjølv sundet blir oftare omtalt med fullt namn, og då heiter det *i Kipersundet* – dvs. med preposisjonen *i*.)

Oppe i Vågen låg *Hjellberget* (eller *Hjellberga*, dvs. i fleirtal), jf. kart 4; no er det skjult av utfyllinga som blei laga der på

1960-talet. Tidlegare må det ha stått fiskehjellar på berga. (Men det finst ikkje minne om at det har stått slike hjellar der etter første verdskrigen). Elles blei Hjellberga og andre berg brukt til å tørke kleppfisk på, særleg den tida fiskarane tørka fisken sjølv. "Fisken saavel fra Vaar- som Sommerfiskeriet tilberedes i Regeln af Fiskerne selv til Klipfisk," heiter det i 1881 (*Indstilling* s. 92). Seinare tok enkeltpersonar (eller familiar) på seg å tørke eit visst kvantum fisk for fiskeoppkjøparen. På 1920-talet kunne dei få 60 kr for å tørke 1000 fiskar, dvs. at dei henta fisken ferdigsalta, og at kona og ungane dreiv på framover sommaren med å legge han ut på berget dei dagane eller timane det var tørke. Når dagen var over, skulle han leggest saman i lad eller stablar

Ettersom ingen ser Hjellberga lenger, kan det nemnast at det på Hjellberget var ei kløve på tvers som eigna seg godt til å dra opp båtar i. Der stod det ofte fleire båtar, både til reparasjon og i "opplag".

*Brenslen* fortel au om arbeidslivet. Han ligg på nordvestsida av Brenslevågen. Her må fiskehandlarane eller fiskarane ha drive *tranbrenning*. No heiter det helst trandamping, men dampa er berre ein av prosessane når ein laga tran. Det som låg att når ein hadde dampa eller pressa levra, var *korge* (au kalla *dragse* eller *berme*), og han blei brent. Med brenninga greidde ein å tyne ut siste trana, og ho var nok ringare i kvalitet. (Opplysningar frå Hans Sandøy.) Om ein på Brenslen dreiv berre med denne siste prosessen, kan me ikkje avgjere i dag.

Beveggar me oss tilbake over Brenslevågen og Bergevågen, kjem me på *Skrivarhaugen*. Det næraste å tenkje på her, er at dette namnet må gå tilbake på ein sorenskrivaren. Men det gjer det ikkje, derimot fanst her andre skrivarar, for futen hadde sine hjelpesmenn i samband med tidende-innsamlinga, og Bud var ein av dei stadene der tidenda frå distriktet blei samla inn. I 1597 finn me Jakob Skrivar, som då var vert på gjestgjevarstaden på Ergan (dvs. Riddarsalen) i tillegg til at han hadde dette skrivar- og innkrevjaroppdraget for futen (jf. Magerøy 1955 s. 50). Ein Mats Skrivar er nemnt seinare; han var fiskehandlar og "skipsreiar" i tillegg (jf. Øverås 1933 s. 25). *Fut-*

berget me nemnte ovafor, har au på einkvan måten vore knytt til tiendeinnsamlinga.

Eit vitnemål om fiskeria i Været er *Båthaugen* og *Sjøhaugen*. Sjøhaugen ligg vestom Ivergarden og barakka åt Brødrene Sandøy A/S. Dette er eit vanleg namn brukt langs kysten om haugar folk gjekk på for å sjå utover havet etter båtane. Berget sørvestover frå haugen er kalla *Sjøhaugsnagen*.

Båthaugen kjenner me i dag som namnet på haugen eller berget austom Breidablik. Namnet verkar underleg når me tenkjer på den nokså store avstanden ned til sjø i dag. Her må me spekulere: Før Vågabrua og Molja kom, stod sjøen langt oppover i sterk pålandsvind, og me må rekne med at båra då kunne skole eit godt stykke opp i Vågaelva. Om me går 500 år tilbake i tida, stod dessutan sjøen 0,5 m høgare opp i terrenget enn no pga. den generelle landhevinga på våre kantar (Stemshaug 1985). Når folk skulle berge båtane over flodmålet, måtte dei dermed eit godt stykke oppover. Då kunne det au vere ein fordel med ei slakk stigning å dra i.

Ein kan altså godt tenkje seg ein haug som begynte som ei skråning nede ved elva og gjekk opp til toppen austom Breidablik. Opp i denne haugen kunne ein tenkt seg at folk drog båtane sine når det var styggevær – eller for vinteren fram til neste fiskesesong. Det siste var kanskje svært aktuelt den tida bønder frå fjordane kom ut til Bud for å ro fiske berre i visse sesongar. Båthaugen kan altså ha fått namnet sitt etter denne funksjonen. Dette er ei gjetting, men nokor betre forklaring på dette namnet ser eg ikkje.

Frå Hitra fortel Jon Godal at ein Båthaug der blei brukt når ein skulle “sikte” nye båtar, dvs. at ein synfor dei og justerte plasseringa av mellom anna mastra. Då var det godt om det ikkje var for trangt der ein drog opp båten. (Eldjarn & Godal 1988 s. 92-93.)

I samband med folkeskatten i 1681 heiter det at “Ingen heste holdis her i Boe, eftersom det er et fiskerleye” (Grüner 1956 s. 36). Men litt jordbruk var det i fiskeværet au, sjølv om det for dei fleste truleg var berre attåttnæring. Uttrykk i namna for sjølve jordbruksdrifta finn me i f.eks. (*Våga*)vollen og *Hagen*. Hage-namnet brukar å fortelje om ei inngjerda beitemark, og det kan ha blitt brukt

mangstad. For eksempel er marka innom (= søraust for) kyrkja kalla *Søre Hagen* eller *Kyrkjehagen*. Når det gjeld bustaden Hagen på Berget, blei namnet laga då Olaus Hagen kjøpte bruket frå Bergegarden og bygde husa der tidleg på 1900-talet (opplyst av Sylvia Vågen). Vollen (= slåttemark) var eit dyrka område øvst i Vågen (Bergevågen), dvs. inst i *Vågaleira*. Denne vollen var nok dels bygd opp, dvs. at han var eit kulturprodukt, for fremst mot leira låg det større steinar som verna mot sjøen.


*Fjøshaugen* fortel au om jordbruk. Det kan verke merkeleg at ein hadde fjøs så langt frå gardshusa. Men her stod ein sommarfjøs. Boletta Vågen fortel at f.eks. bruket på Stranda hadde sommarfjøs for kyrne nordaust for Gjerdet. Torhaugen hadde beite oppmed *Fjellet* (= Gulberget). På denne måten kunne ein spare føret på heimeattlegene og ha det til vinteren.

Nordvest for Fjøshaugen ligg *Markan*, som truleg fortel at jorda var dyrka der før ein reiste hus. Haugen nordom Fjøshaugen heiter *Markahaugen*.

## 6. “Tekniske” endringar

Ei stor endring kom i Været då vegen mellom *Prestgarden* og *Buakyrkja* blei bygd. Kommunen gjorde vedtak om denne vegen i 1838 (*Romsdals Amt* 1939, s. 683-684), men det tok tid før det kom fart i arbeidet, for folket var lite villig til å slutte opp om pliktarbeidet som blei utskrive. Det var lensmannen som skulle organisere det i såkalla sommarvegarbeid og haustvegarbeid. Lensmann Knudsen kan ikkje ha vore for ivrig i denne tenesta, men det ser ut til at etterfølgjaren Hagerup fekk betre fart i arbeidet (jf. Rekdal 1980). Arbeidet kom i gang i 1841, og året etter blir det omtalt at vegen må byggjast opp ved Vågaelva, og at det må byggjast bru med utsprengt stein ved vadestaden Vågen (Rekdal 1980 s. 199). Etter ei synfaring lensmann Hagerup og kjøpmann Width gjorde i mai 1845, blei det rapportert at steinarbeidet var ordna, men framleis mangla treverket som skulle gå over. Seinare det året var heile brua ferdig, og den 2410 alner lange vegen frå kyrkja til Prestgarden var nokolunde farande

i 1847 (Rekdal 1980 s. 203). Tredekket på bruka blei bytt ut med stein på 1920-talet.



Vågabrua først på 1950-talet. Her ser ein korleis vegen og terrenget er bygd opp.

Med dette vegarbeidet blei terrenget inst i Bergevågen mykje forandra. Det smale løpet i brua gjorde at det lettare voks til på oversida. Midt i elva der låg det først på hundretalet ein holme som ingen åtte, men då han voks fast med landet på nordsida og blei til ein liten voll, blei han brukt frå Vågen (opplyst av Anne Sandøy). Litt oppe i Vågaelva, rett nedom folkebadet, låg nokre steinar ein trødde på når ein skulle over elva. Floda kunne nå opp dit, og springfloda endå lenger. På slutten av 1960-talet blei terrenget både ovom og nedom brua fylt att. Fram til då var det muleg å komme seg med robåt under brua og ovom vegen på nesten flod sjø – men slikt var aktuelt berre som “leik”.

Vegen frå Berget og nordaustover mot Gjerdet må ha komme til etter at vegen opp i Prestgarden var bygd, men det kan ha vore ein gangsti der i utgangspunktet. Der han kryssa vegen frå 1847, fekk ein det vegkrysset me kallar *Korsvegen*. Derifrå begynner *Fjellvegen* i retning nordaust. Utover mot Været gjekk så *Hostadbakken*, som før O. L. Hostad si tid heitte Gabrielsenbakken. Då vegen “rundt Ergan” eller “rundt Vika” blei bygd, blei han lagt over *Ergaenden*, og bakken frå Vågen og opp dit heiter *Smibakken*. I 1885 var både vegen frå Berget og oppi Gjerdet, vegen frå Vågen og forbi Skreddargjerdet og vegen opp Smibakken bygd, men ikkje vegen frå Ivergarden gjennom Fjøra til Bud Handel, jf. kart 4.

*Molja* er au eit stadnamn. Det er eit substantiv som betyr molo. Opphavleg er det eit gresk ord, som blei lånt inn i katalansk (språk i Spania). Derifrå blei det lånt til nederlandsk, der det fekk forma *moelje*. Her til lands er dette ordet brukt på Nord-Vestlandet og i Nord-Norge. (Jf. Iversen 1939: 48.) Hos oss blei det kanskje spreidd etter at Ålesund fekk si molje på 1850-talet. (Ordet *molo* er eit nyare ord som me har fått frå italiensk.)

I Bud trongst det sårt ei molje, for her var det til tider svært mange båtar. “Fra Været roes Torskfisket af 70-100 Baade, hvoraf 8 Ottringer. [...] Af Baadene er omtrent Halvdelen hjemmehørende paa Stedet,” opplyste hamnearbeidskommissjonen i 1877. På denne tida låg ein del båtar i Lisesundet (kalla “Lille Bodsund” av kommissjonen), men

“den større Del av Baadene er fortøiet i den strax søndenfor Sundet indskjærende Bugt Bodviken [= Buavågen], i dennes øvre Dele, nemlig paa Brændslevaagen og Bergevaagen, der tilsammen indeholde et noget større Havneareal end selve Lille Bodsundet. [...] Begge Steder, nemlig saavel Lille Bodsundet som Bodviken, ere imidlertid meget udsatte for Stormen og Sødraget under nordvestlige og nordlige Vinde, hvorunder de paa Sundet og Bugten liggende Baade ofte maa landsættes under vanskelige Forholde. Henseet hertil, og da Bod Fiskevær er et af de bedste og mest søgte Vær i Romsdals fogderi, har der af vedkommende Herredstyrelse været




andraget om en Forbedring af heromhandlede Havneforholde.” (Indstilling s. 91-92.)

Strevet ein hadde med å berge båtane på land når uvêret kom, er beskrive av f.eks. Anton Inderhaug (jf. Halås 1989 s. 96-97).

Eldste beten av *Molja* – på 110 m – blei bygd i tida 1884-1888. Etter mange diskusjonar og mykje planlegging blei *Molja* til slutt lagt over *Musaskjeret* i retning *Nordre Buataren*. Det er nørdeste delen, som framleis skil seg ut med å vere støypt i to gåplan. *Musaskjeret* stikk enno fram på innsida. Hamna var endå ikkje fullgod; etter hundreårsskiftet blir det fortalt at hamna i Bud “er ikke ankerplads. Befolkningen i fiskeværet maa i svært hav have sine fiskebaade paa land.” (Helland 1911 s. 862.) Til hjelp blei *Kipersundet* (og området innafor) mudra opp somrane 1910 og 1911. Der kunne då ein del båtar søkje livd.

Resten av hamneprosjektet blei påbegynt i 1937 og stod ferdig i 1951, dvs. forlenginga av *Ytste Molja* og opparbeidinga av *Inste Molja*, som går frå *Nordre Kiperholmen* og til *Moljegapet*. *Nordre Buataren* gjekk inn i den nye *Molja*.




## 7. Personar i historia

Eg nemnte ovafor personnamna i bruksnamna. Endå fleire finst når me ser ut over bruksnamna, f.eks. *Maritleira*, *Svennshammaren* osv. Somme av personane greier me ikkje å spore opp lenger, men nokre personar frå namnehistoria i Bud kjenner me:

*Persengjerdet* har namnet etter Marie Persen, ei driftig dame som dreiv Riddarsalen som gjestestue etter ho gifta seg med enkjemann Lars Persen i 1772 (jf. Magerøy 1955 s. 65). I 1801 er ho oppført med etternamnet *Baade*. Ho styrte au Torhaugen og er rekna som byggherre for nørdeste (dvs. nordaustre) delen av våningshusa på Torhaugen. Denne delen skal vere bygd i 1780 (opplysning frå Sefrak-registreringa). Madam Persen fekk kjøpt jordstykket *Persengjerdet* i 1788 (det nest inste av bruka i *Gjerda* i dag). Ho dyrka opp jorda og sette potet som sonen hadde teke med heim frå utlandet, og ho fekk i 1801 premie frå Romsdals Landhusholdningselskap for dette føregangsarbeidet. Dette var den tida statsmakta la vinn på oppdyrking og nyorientering i næringslivet, jf. potetprestane, som endåtil brukte preikestolen til opplysningsarbeid. At folket hadde begynt å dyrke potet, kom godt med i hungersåra 1801-1814.

Madam Persen flytta på sine eldre dagar til Torhaugen, og døydde der i 1826 (jf. Magerøy 1955 s. 65 og 72). Ho blei der eviggjort i endå eit namn. Ho var nemleg døypt Abigael Marie, og utom Lundhaugen (der brannstasjonen no er og nedover mot Stranda) blei ein liten haug eller ei rør oppkalla etter henne: *Abikelhaugen*, jf. kart 5.

Namnet på ein av haugane våre, *Lundhaugen*, har gitt opphav til mange gjettingar. Det er ikkje heilt lett å finne eit ord *lonnj* som kan passe inn her: a) Ein kunne ha tenkt seg at det f.eks. var tale om ein liten skogkrull. Ein *lund* blir uttalt med *o* i Indre Romsdal, men her i Ytre ser det ut til at *u*-en er brukt, dermed skulle namnet ha blitt til '*Lunnjhaun*<sup>5</sup> med *u*. (Jamfør uttalen av f.eks. Stavlund i Stavvika.) Men ordet er så lite brukt at dette blir usikkert. b) Somme har meint at det i si tid blei stabla opp (dvs. *lunna*) tømmer ved denne haugen før det blei skipa ut på båtar som la til ved Futberget<sup>6</sup>. Men



Buaværet ca 1912. Abikkelhaugen (til venstre) er her brukt som bleikjeplass (oppløst av Bolette Vågen). Bilete: Sverre Vågen.

ordet *lunne* blir uttalt *lunnje* med *u* (i både Ytre og Indre Romsdal), og dermed ulikt førsteleddet i *Lonnjhaun*. c) Ei tredje gjetting kunne gå på at namnet hadde med *lunde*(fugl) å gjere.

Desse gjettingane kan nok ikkje avvisast absolutt, men ingen av dei passar godt med slik me uttalar namnet, for dét er altså sagt med *o*, og dessutan har det såkalla tonem 1: '*Lonnjhaun*, og ikkje '*Lonnjhaun*. (Tonem 1 blir ofte oppfatta som sterkare trykk på førstestavinga enn tonem 2.) Tonem 1 er typisk for namn som viser til personar.

Dermed spørst det: Kan det tenkjast ein som har heitt *Lonnj* her? Jau, på Aukra var to Lund-brør frå Snåsa prestar etter kvarandre, og trønderane seier *lonnj*. (Før såg ein ikkje etter skrivemåten når ein uttalte namna, slik at dialektuttalen var den sjølvsahte forma.) Først kom Peder Lund og var i embetet frå 1725 til 1729 (jf. Opstad 1983 s. 162), etterpå Jakob Nilsen Lund (f. 1688) frå 1729 til 1749. Det året trekte han seg frå prestegjeringa pga. sjukdom, men han budde på Aukra til han døydde i 1754. Desse Lund-ane var prestar i Bud au, for Bud var anneks til Aukra den tida, fram til 1755 (jf. Øverås 1933 s. 24).

Presten Jakob Lund var ein kapasitet, som tydeleg blanda seg mykje med folket. Han var med i bryllaupa, som sikkert var store arrangement i bygdene den tida. Lund var kjent som høvesdiktar, og han dikta bryllaupsdikt og vers på "det meest upolerede Bondesprog" – heiter det i ein omtale av han (Dalen og Hagland 1985 s. 14). Lund var ivrig etter å få i gang skular då det kom ei kongeleg forordning om skulestell i 1739, og Lund fekk ros frå amtmannen. Han var m.a. med og sette i gang skule i Bud i 1750, altså året etter han slutta å verke som prest. (Døssland 1990 s. 292 og 297f.)

Det er uklart kor mykje desse Lund-ane i praksis hadde med Bud å gjere, for det fanst au ein kapellan i prestegjeldet. Men det kan nemnast at ei Lund-datter blei gift i Vika i Bud.

Men kvifor skulle folk ha knytt denne haugen til ein av Lund-ane? Det kan vere berre ei enkelt hending, for så vidt, eller det kan vere at han har ått noko i denne haugen. Heile matrikelgarden Kalvsvika var "prestebordsgods", dvs. at jorda gav inntekt til pre-

sten. Dette er i alle fall det næraste ein kan komme ei oppklaring av Lundhaug-namnet.

*Maritleira* har namn etter Marit i Hammara, som levde først på 1900-talet, og før ho fekk namnet sitt festa til denne leira, var namnet *Tungehaugleira*, som blei attfylt på slutten av 1950-talet. Men kven denne Svern var som gav *Svennshammaren* namn, veit me ikkje. Han må ha levd for fleire hundre år sia; som vist ovafor hadde namnet alt festa seg i 1773. Haugen der Bud Handel står, heiter *Kolbeinshaugen* (jf. Narmo 1994 s. 32), og kva for ein Kolbein det var, er au ukjent.


### 8. Namn om naturen

I siste vandringa skal me sjå på namn som beskriv naturen eller landskapet. Me kan igjen starte lengst sør i hamna. *Klubben* er brukt som namn på berga nordom Kipersundet, dvs. på snagen vestom Stranda. Ein klubb betyr 'Bjergknold; et høit rundagtigt Næs' (Aasen 1873).

*Gjølshaugen*, altså haugen mellom Lundhaugen og Kipersundet, har namnet sitt etter *Gjølet*, dvs. gjelet som går tvers igjennom haugen. På sørsida er det tydelegast, for der var holet så djupt og ope at ein kunne gå inn.

Mellom Bergevågen og Strandavågen ligg Berget. Den som ser godt for seg den gamle strandlinja, hugsar at nordom Strandavågen skar ei trong vik seg opp i berga nedom Berget. Ho heitte *Keila*, som er eit vanleg naturnamn langs kysten frå Hordaland og nordover (jf. Stemshaug 1973: 74). Ordet *keile* er i slekt med substantivet *kil(e)*. Då forstår me betydninga. Før kunne ein ro inn i Keila på flod sjø. Ho blei attrausa på 1970-talet og ligg i dag under fiskebedrifta som er bygd de

Inne i hamna vestom *Torhaugberga* er det ei flede (eller ein grunne) med eit underleg namn: *Høymola*. Det er der inste støtta står. At namnet på ei ugrasplante skal ha blitt brukt her, får bli ståande som ei gåte – men kanskje er det stonga som blei reist der, som har inspirert folk til å tenkje på det høgreste ugraset? Eller kan det ha vakse høymol på fleda? Ho stakk godt over sjøflata.<sup>7</sup>



Kart 5: Namn som fortel om personar og natur.

Snagen som skil Brenslevågen frå Bergevågen, heiter *Tunga*. Namnet fortel sjølvsagt at snagen er lang og spiss som ei tunge. Dette er eit gammalt og vanleg naturbeskrivande namn. Midt på er det ein haug: *Tungehaugen*. Når ein seier *Tunga*, siktar ein oftast til området utafor Tungehaugen, og der stod våningshusa i *Tunga*. På sørsida av haugen er *Tungehaughammaren*, som gjekk ned mot Bergevågen. Etersom han låg utafor Vågaleira, gjekk ein før ofte dit for å hente sjøvattn, for der var det lett å komme til på nokre store steinar.

*Krækjebærhaugen* er haugen nordaustom Vågen og Brenslevågen. Namnet fortel nok om at det her var krækje å finne. Det har det vel ikkje vore noko av i manns minne, for haugen blei tidleg oppdyrka og brukt til beite. Men før det fanst denne bæra, og

ho var ein del brukt til syltety, for det voks nesten ikkje anna vill bær så langt ute mot havet.

*Strupen* var ei avlang keile som sjøen skola opp i mellom Fjøra og Brenslen, og to små bergesnagar gjorde innløpet så smalt at det *strypte* sjøen. Av det kjem namnet. Vegen blei bygd over Strupen, og inste delen nordom vegen blei etter kvart fylt opp. Sist på 50-talet blei resten av Strupen attfylt au.

*Reset* var bustaden mellom Ivergarden og Kristengarden. Namnet fortel om eit høgdedrag eller ein bergrygg som reiser seg i landskapet. Substantivet *res* er i slekt med verbet *reise*. Jakob Helseth opplyser at det var innflyttaren Ola Rasmussen Helseth som bygde hus der i 1880-åra, og han sette namn på bustaden etter staden der han kom frå i Tresfjorden. Reset finst som namn fleire plassar i Romsdal, og det passar framifrå akkurat her i Bud au.

*Musaskjeret* er alt nemnt. Det må opplagt vere storleiken og forma på skjeret som har gitt assosiasjon til mus. Då Inste Molja blei bygd etter krigen, blei ho lagt over eit skjer rett nordom Nørdre Kiperholmen. Det blei kalla berre *Skjeret*, og på fjøre sjø kunne ein gå bortpå det. Ein brukte det til å tørke fisk på. Det blei fylt att mellom det og Nørdre Kiperholmen i samband med moloanlegget.



28 Bilete av Buaværet sist i 1930-åra. Foto: Fjellanger-Widerø/ Romsdalsmuseets fotoarkiv.

Me skal stoppe stadnamn-vandringane på *Ergan*. Denne haugen har hatt mykje å seie i historia vår, og at Riddarsalen – som seinare blei omgjort til gjestgjevarstad – var plassert der, gjorde haugen viktig i fleire hundreår. I 1590 blei f.eks. Ergan haldne utafor matrikkelen pga. at Riddarsalen hadde ein offisiell status under statthaldaren (jf. Magerøy 1955 s. 48-49).

Det er ikkje opplagt kva dette namnet skal bety. Det er eit usamansett namn, utan noko oppkalling. Berre dét gjev oss ein mistanke om at namnet er gammalt. Eit ord *erg* som i fleirtal kunne heite *Ergan*, finn me ikkje i moderne norsk språk. Det finst eit Erga som gardsnamn i Klepp på Jæren, men dét au er utolka (jf. Særheim 1980 s. 72). Fleire enn eg har lurt på om det kan ha samanheng med det færøyske *Ærgir*, som finst fleire stadar på Færøyane. Per Hovda har sett *Ærgir* i samanheng med det færøyske ordet *ørg* (= ‘steinete og bratt lende’, jf. Hovda 1981 s. 124), mens dei fleste andre tolkar det som eit keltisk lånord brukt om ein stad der ein hadde seter. Ingen av desse tolkingane kan utan vidare overførast til namnet vårt, for me har ikkje ordet *ørg*, og dessutan er det ikkje like aktuelt å snakke om keltiske lånord i norsk som i færøysk. Men aller viktigast er det at namnet måtte ha vore uttalt *ʼErganj* med trong e-lyd på romsdalsk om det skulle vere same ordet. Men namnet vårt er uttalt med open æ: *ʼÆrganj*.

Eg kjem ikkje til anna enn at namnet må komme av det velkjente adjektivet *arg*, for av det kan ein få laga ord med *e* (som blir uttalt æ i moderne romsdalsk). Ein kunne slik få ein *erg* eller ein *erge*, og dermed au *Ergan*.<sup>8</sup> (Samanhengen mellom *arg* og *erge* vil vere parallell til at ord som f.eks. *tam* og *temme* har med kvarandre å gjere.) Adjektivet *arg* betyr ‘sint, gretten’, som det står i ordbøkene. Det står altså for ein negativ eigenskap. Her må me tenkje oss at assosiasjonane har gått på vêret som kunne stå kraftig på, slik som når me framleis seier f.eks. at “Jammen e’n arg i dag”. Ergan var kanskje eit rimeleg namn for dei som kom hit ut for å drive sesongfiske. Dei budde truleg i livd innafor Ergan, utafor var storhavet og det arge styggevêret.

I Sunndalen finst namnet Erga (uttalt 'Ærga) brukt om ei elv ved Gråura, og der er terrenget bratt slik at elva går i ein kraftig og "arg" foss. (Opplyst av Tor Erik Jenstad.) Dette namnet kan altså vere laga på same måten som namnet Ergan.

Ettersom namnet er i fleirtal, og altså ikkje har forma Erjinn, må denne haugen eller dette høgdedraget frå ein eller annen vinkel ha sett ut som to eller fleire toppar. Det er nok ikkje urimeleg; frå sør er det muleg å sjå ein sørvestleg og ein nordaustleg del. Nordaustdelen heiter *Ergaenden*.

Om alt dette er rett tenkt, må namnet vere frå før vikingtida, for det var då ein kunne lage nye ord og namn på denne måten med å forandre *a* til *e*. Dermed er det ikkje urimeleg at dette faktisk er det eldste namnet me finn i Buaværet. Det luktar svært gammalt av det, i motsetning til av stordelen av namna elles.

\*\*\*

(Jakob Helseth, Arne Sandøy, Hans Sandøy og Magne Sandøy har lese over ein tidlegare versjon av denne artikkelen og komme med nyttige merknader, som eg er takksam for. Ein del opplysningar om hamna har Kystverket i Ålesund skaffa meg. Romsdalsmuseet, Arne Sandøy og Sverre Vågen har lånt ut bilda.)

#### Namneliste med uttale

Nedafor blir alle dei omtalte stadnamna opplista med normert skriftform først og deretter med uttale i lydskrift. Uttaleopplysningane står innom skråstrekar, først i nemneform og deretter i dativ. Dativ er den forma me brukar for å uttrykkje f.eks. at noko er *på staden*, mens nemneforma får fram rørsla *til staden*: *Ho står neppå Tungen* (dvs. dativ), men *Ho går neppå Tungå* (dvs. nemneform). Nedafor står nemneforma først og dativen sist.

Dei fleste teikna i lydskrifta skulle vere lette å forstå. Vokalen *ez* er ein e-lyd som ligg mellom trong *e* og open *æ*. Teiknet *š* står for *sj*-lyden, *ŋ* for *ng*-lyden og *ķ* for *kj*-lyden. Lydar med *j*-uttale blir

skrivne slik: *ŋ*, *ķ*. Den tjukke *l*-en blir skriven *ł*. Når tjukk *l* støyter saman med *s* etter, smeltar dei saman og blir uttalt som ein "tjukk *s*", men det blir ikkje avmerkt med eige teikn her. På tilsvarane måte er det når *r* støyter saman med *s* eller *n*, då får me ein "halvtjukk" *s* eller *n*. Dei blir heller ikkje skrivne med egne teikn. *H*-ar forsvinn ofte i uttalen inni ord, og det er vist nedafor.

Tonemteikna er forklart i fotnote 5. Desse teikna står framom den stavinga som har hovudtrykk. Eit svakare trykk er merkt med *.* Apostrofen ' skal vise at konsonanten etter utgjør ei eiga staving.

Endings-*a*-en blir nok uttalt som *æ*, men han blir nedafor skriven med ein meir tradisjonell felles-romsdalsk -*a*. Mange i Bud uttalar *y*-en som *i*. Nedafor blir *y*-en brukt.

Abikkelhaugen /a'bi'kel, hɛu'n - a'bi'kel, hɛu'a/

Bergesnagen /,bɛr'ge'sna'jin - ,bɛr'ge'sna'gål, Berget /'bɛr'je - 'bɛr'jal, Bergevågen /,bɛr'ge'vå'jin - ,bɛr'ge'vå'jal, Brenslen /'brɛ'ŋ'sli'ŋ - 'brɛ'ŋ'slål, Brenslevågen /,brɛ'ŋ'sle'vå'jin - ,brɛ'ŋ'sle'vå'jal, Buakyrkja /,bua'ķer'ķå - ,bua'ķer'ķen/, Båt haugen /'båt'ɛun - 'båt'ɛua/.

Ergan /zɛr'gan - 'ɛrgål, Ergaenden /,ɛr'ga'ɛ'ŋ'ŋin - ,ɛr'ga'ɛ'ŋ'ŋål

Fjellet /'fjɛ'ljɛ - 'fjɛ'ljɛl, Fjellvegen /'fjɛ'ljɛ'vɛn - 'fjɛ'ljɛ'vɛial, Fjøra /'fjɔ'rå - 'fjɔ'r'n/, Fjøshaugen /'fjɔ'sɛun - 'fjɔ'sɛual, Futberget /'fʊt'bɛr'je - 'fʊt'bɛr'jal.

Gjerdet /'jɛrɛ - 'jɛral, Gjøllet /'jɔ'ljɛ - 'jɔ'ljɛl, Gjølshaugen /'jɔ'ljɛ'sɛun - 'jɔ'ljɛ'sɛual.

Hjellberga /'jɛ'ljɛ'bɛr'je - 'jɛ'ljɛ'bɛr'jal, Hostadbakken /,hɔ'sta'bak'ķin - ,hɔ'sta'bakkål, Høymola /'hɔ'ymo'la - 'hɔ'ymo'ln/.

Innom haugen /'in'ŋom 'hɛu'n - 'in'ŋom 'hɛua/ eller Innom haugan /'in'ŋom 'hɛuan - 'in'ŋom 'hɛua/, Ivergarden /'iver'gar'n - 'iver'gara/.

Keila /'ķɛ'lå - 'ķɛ'l'n/, Kipersundet /'ķipɛr'syn'ŋɛ - 'ķipɛr'syn'ŋal.

(Merknad: Den gamle uttalen er med lang *i*, og derfor er det gale å skrive namnet med dobbel *p*, slik det ofte blir gjort.) Klubben /'k'łubben - 'k'łubbal, Korsvegen /'kårs'vɛn - 'kårs'vɛial, Krækjebærhaugen /'krɛ'ķɛ'bɛr'hɛun - 'krɛ'ķɛ'bɛr'hɛual, Kristengarden

*'kress'n<sub>1</sub>gar'n* - *'kress'n<sub>1</sub>garal*, Kyrkjehagen /*©k<sub>1</sub>er<sub>1</sub>ke'hajin* -  
*1<sub>1</sub>ker<sub>1</sub>ke'hagå/*.  
 Lundhaugen /*1lon<sub>1</sub>neun* - *'lon<sub>1</sub>neual*.  
 Mansonigarden /*1mansoni<sub>1</sub>gar'n* eller *'månson<sub>1</sub>e<sub>1</sub>gar'n* -  
*'mansoni<sub>1</sub>garal*, Maritleira /*1marit<sub>1</sub>lerå* - *1<sub>1</sub>marit<sub>1</sub>ler'n/*, Markan  
 /*1markan* - *'markå/*, Markahaugen /*1marka<sub>1</sub>heun* - *1<sub>1</sub>marka<sub>1</sub>heual*  
 , Midtikummen /*1metti<sub>1</sub>kommen* - *'metti<sub>1</sub>kommal*, Molja /*1moljå*  
 - *'moljen/*, Moljegapet /*1molje<sub>1</sub>gape* - *1<sub>1</sub>molje<sub>1</sub>gapal*, Morsingbua  
 /*1morsin<sub>1</sub>bua* - *1<sub>1</sub>morsin<sub>1</sub>bu'n/*, Mortengjerdet /*1mårt<sub>1</sub>n<sub>1</sub>jere* -  
*'mårt<sub>1</sub>n<sub>1</sub>jeral*, Musaskjeret /*1musa<sub>1</sub>šære* - *1<sub>1</sub>musa<sub>1</sub>šæral*.  
 Nørdre Buataren /*1nøre<sub>1</sub>bua<sub>1</sub>tarin* - *'nøre<sub>1</sub>bua<sub>1</sub>tarå/*, Nørdre  
 Kiperholmen /*1nøre<sub>1</sub>kiper<sub>1</sub>håfmen* - *'nøre<sub>1</sub>kiper<sub>1</sub>håfmal*.  
 Persengjerdet /*1persenjere* - *'persenjeral*, Prestgarden /*1præssgarn*  
 - *'præssgaral*.  
 Reset /*1rese* - *'resal*. Sjøhaugen /*1šåheun* - *'šåheual*, Sjøhaugsnagen  
 /*1šåheun<sub>1</sub>snajin* - *'šåheun<sub>1</sub>snagål*, Skjeret /*1šære* - *'šæra/Skrivar*  
 haugen /*1skrivar<sub>1</sub>heun* - *1<sub>1</sub>skrivar<sub>1</sub>heual*, Smibakken /*1smiba<sub>1</sub>k<sub>1</sub>kin*-  
*'smibakkål*, Stranda /*1stran<sub>1</sub>na* - *'stra<sub>1</sub>n/*,  
 Strandavågen /*1stran<sub>1</sub>na<sub>1</sub>våjin* - *1<sub>1</sub>stran<sub>1</sub>na<sub>1</sub>våjal*, Strupen /*1strupin* -  
*'strupå/Sundet* /*1syn<sub>1</sub>ne<sub>1</sub>syn<sub>1</sub>nal*, Svernshammaren /  
*'sve<sub>1</sub>n<sub>1</sub>shamarn* - *'sve<sub>1</sub>n<sub>1</sub>shamaral*, Søre Hagen /*1søre<sub>1</sub>hajin*  
 - *'søre<sub>1</sub>hagål*. Torhaugen /*1tor<sub>1</sub>neun* - *'tor<sub>1</sub>neual*,  
 Torhaugberga /*1tor<sub>1</sub>ne<sub>1</sub>bærja* - *'tor<sub>1</sub>ne<sub>1</sub>bærgål*, Tunga /*1ton<sub>1</sub>gå* -  
*'ton<sub>1</sub>nen/*, Tungehaugen /*1ton<sub>1</sub>ge<sub>1</sub>heun* - *1<sub>1</sub>ton<sub>1</sub>ge<sub>1</sub>heual*, Tunge  
 haughammaren /*1tun<sub>1</sub>ge<sub>1</sub>hammarn* - *1<sub>1</sub>ton<sub>1</sub>ge<sub>1</sub>hammaral*, Tunge  
 haugleira /*1ton<sub>1</sub>ge<sub>1</sub>lerå* - *1<sub>1</sub>ton<sub>1</sub>ge<sub>1</sub>ler'n/*.  
 Utom landet /*1utom<sub>1</sub>lan<sub>1</sub>ne* - *'utom<sub>1</sub>lan<sub>1</sub>nal*.  
 Vika /*1vi<sub>1</sub>ka* - *'vi<sub>1</sub>kin/*, Vollen /*1vål<sub>1</sub>n* - *'vål<sub>1</sub>l/*, Været /*1være* - *'væral*  
 , Vågabrua /*1våga<sub>1</sub>brua* - *1<sub>1</sub>våga<sub>1</sub>bru'n/*, Vågaelva /*1våga<sub>1</sub>æfva*  
 - *1<sub>1</sub>våga<sub>1</sub>æfven/*, Vågaelva /*1våga<sub>1</sub>lerå* - *1<sub>1</sub>våga<sub>1</sub>ler'n/*, Vågen /  
*'våjin* - *'våjal*.

## Litteraturliste

- Dalen, Arnold og Jan Ragnar Hagland. *"I det mest upolerede  
 Bondesprog"*. Tekster på Trøndermål 1706 - 1856. Oslo.  
 Døssland, Atle 1990. *Med langt mot havet. Fylkeshistorie for  
 Møre og Romsdal 1671-1835*. Oslo.  
 Eldjarn, Gunnar & Jon Godal. *Nordlandsbåten og Åffjords  
 båten. Bind 3. Åffjordsbåten. Byggje-teknikk og måledata*.  
 Lesja.  
 Folkeskatten 1681 = Avskrift av oppgavene over folkeskatten for  
 Molde Ladested. Anno 1681. I: *Romsdal Sogelag. Årsskrift  
 1954* s. 3-13.  
 Grüner, Herlof 1956. Folkeskatten 1681 for Aukra, Vågøy og  
 Hustad. I: *Romsdal Sogelag. Årsskrift 1956*. S. 29-36.  
 Halås, Einar 1989. Moloen i Bud. I: *Gammelt frå Fræna 1989*,  
 s. 96-101.  
 Helland, Amund 1911. *Norges land og folk. XVI. Romsdals  
 amt*. Kristiania  
 Hovda, Per 1981. Ymist om stadnamn på Færøyane. I: Stein  
 Stove (red.): *Færøyene - frendeland i vest*. (Norsk-færøysk  
 lag.) Oslo 1981. S. 115-128.  
 Hukkelberg, Mads 1929-30. Bud. I: *Romsdals Sogelag. Års  
 skrift 1929-30* s. 47-51.  
*Indstilling = Indstilling fra den ved Kongelig Resolution  
 af 289de Mai 1877 naadigst nedsatte Kommission for  
 Udarbeidelse af Udkast til Plan for Havnearbeider navnlig  
 i Fiskeridistrikterne*. Christiania 1881.  
 Iversen, Ragnvald 1939. *Lånord og lønnord hos folk og fant*.  
*Første samling*. Trondheim.  
 Magerøy, Arne M. H. 1955. *Riddarsalen. Ein studie over saga  
 åt den gamle gildeskålen i Bu*. Volda.  
 Nagel, Anne-Hilde 1980. Oversikter, årstall, tabeller. I: Knut  
 Mykland (red.): *Norges historie*, bd. 15. S. 125-387. Oslo.  
 Narmo, Lars Erik 1994. Budar, et fiskevær fra vikingetid. I:  
*Gammelt frå Fræna 1994* s. 27-45.

- Opstad, Kristian 1983. *Bygdeboka. Aukra, Midsund, Sandøy. I. Elnesvågen.*
- Rekdal, Bjarne 1980. Dei første offentlege vegane i Bud prestegjeld. I: *Romsdals Sogelag. Årsskrift 1980* s. 189-205.
- Romsdahlens Fougderis Mandtal 1701. I: Romsdals Sogelag. Årsskrift. 1962.* (Vedlegg.)
- Romsdals Amt 1939 = *Romsdals Amt. Møre og Romsdal fylke under kommunalt fylkesstyre.* Ålesund 1939.
- Romsdals fattige og nødlidende Almue. Det kongelige Undsætningskorn 1773. (Riksarkivet, Fogderegnskap, Romsdal 1773-74, dokument nr. 71 med vedlegg.)* Red. av Bjørn Austigard. Molde 1990. (Romsdal Sogelag.)
- Rombsdals Jordebogh 1661.* Trondheim 1969.
- Rødal, Edvin 1996. Bønder og fiskere i Bud prestegjeld ca 1600-1800. I: *Romsdals Sogelag. Årsskrift 1996* s. 155-188.
- Sandøy, Helge 1974. Utviklinga i besetnad og næringsliv i Ytre Romsdal (Vågøy åtting) på 1500-1600-talet. I: *Romsdal Sogelag. Årsskrift. 1974* s. 3-34.
- Sandøy, Helge 1990. Eldste namna og eldste busetnaden i Fræna kommune. I: *Gammalt frå Fræna 1990* s. 7-38.
- Stemshaug, Ola 1985. Finnen og Finna fjorden i Sogn. I: *Namn og nemne 2-1985* s. 43-52.
- Særheim, Inge 1980. *Stadnamn i Klepp.* (Rogalandsforskning. Rapport nr. 7.) Stavanger.
- [Øverås, Asbjørn] 1933. Herredagen i «Budh» og tilhøva i Bud fiskevær kring 1533. I: *1533 - 1933. Riksmøtet i Bud. Eit minneskrift.* (Utgitt av Bud heradsstyre og Romsdal Ungdomssamlag). Molde.
- Aasen, Ivar 1873. *Norsk Ordbog.* Christiania.

Notar:

- <sup>1</sup> I daglegtalet blir retningsnemningane *nord* og *sør* brukt slik at dei svarar nærast til kompasretningane nordaust og sørvest,

- dvs. at dei eigentleg viser til kystlinja. I denne artikkelen blir nemningane brukt om kompasretningane.
- <sup>2</sup> Tilvisingar til litteratur og kjelder blir i denne artikkelen skrivne som titlar eller forfattarnamn + årstal, dvs. slik som i denne parenteser eller f.eks. slik: (Magerøy 1955). Fyldigare opplysningar om boka eller artikkelen som det blir vist til, står i litteraturlista til slutt.
- <sup>3</sup> Endinga *a* i bestemt form av hokjønnsord må ikkje forvekslast med den *a*-en me har i alle samansette ord og namn med *Bud*, f.eks. *Buakyrkja*, *Buaværet*, *Buadjupet*. Her går *a*-en tilbake på ei genitivsending, som på gammalnorsk hadde forma *-ar*. Enno i 1589 blei genitivsforma skriven med denne endinga: *Budar kirkja*.
- <sup>4</sup> Ein *innerst* var ein som leigde seg husvære hos ein annan. Han hadde sitt eige hushald.
- <sup>5</sup> Aksentane skal fortelje om det såkalla tonemet: ' merkjer av tonem 2 ,som me har i f.eks. '*Båthaugen*, '*Fjøs haugen*, '*Hjell berga*, og ' merkjer av tonem 1, som me har i f.eks. '*Lundhaugen*, '*Torhaugen* og '*Svennshammaren*.
- <sup>6</sup> Denne forklaringa har Jakob Helseth etter Harald Tungehaug.
- <sup>7</sup> Desse forslaga har eg etter Magne Sandøy og Jakob Helseth.
- <sup>8</sup> Eit hokjønnsord *ergi* fanst i gammalnorsk, men det blei brukt om ikkje-akseptert seksualitet og er såleis uaktuelt å dra inn her. Det moderne norske verbet *erge*, som i *erge seg* (= ergre seg), har slektskap med *arg*, men dette verbet har me fått gjennom tysk påverknad.

